

Søknad

Søknadsnr.	2019-0101	Søknadsår	2019	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019			
Prosjektnavn	Infrastruktur ved Njøs eigedom som grunnlag for drift av Norsk frukt- og bærsepter			

Kort beskrivelse

Graminor sitt styre vedtok i desember 2018 å flytta jordbærforedlinga til Njøs under føresetnad av at regionale interessentar og noverande eigarar stiller opp for utvikling av eit nytt selskap der. Det er utarbeidd eit prospekt der ein går inn for å etablera to selskap, eitt nytt eigedomsselskap og eit driftsselskap. Begge er gjensidig avhengige av kvarandre og begge treng finansiering for å kunna utvikla konseptet Norsk frukt- og bærsepter på Njøs.

Prosjektbeskrivelse

Utvikling av Njøs eigedom til Norsk frukt- og bærsepter i Leikanger

Bakgrunn

Frukt og bær er eit område i vekst, der alle trendar og planar er samstemte om at forbruket skal auka med bakgrunn i folkehelsa. Norsk frukt- og bærproduksjon gir også tilleggsverdiar i kulturlandskapet og opplevingar knytt til lokalmat og drikke, og har ein viktig distriktpolitisk dimensjon. Sogn og Fjordane og Hordaland er viktige fylke innafor frukt og bær, og næringa betyr svært mykje her.

Forsøksgarden på Njøs har vore ein viktig aktør i utvikling av norsk frukt og bær sidan oppstarten i 1920. Det har vore mange omorganiseringar gjennom snart 100 år, og ein står no framfor ei ny omorganisering. Denne kan gje stasjonen eit stort løft som både vil koma regionen til nytte, og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Det inneber ei stor satsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær.

Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde ei sentral rolle ved den siste store omorganiseringa på Njøs i 2007. Då la Bioforsk ned aktiviteten på Njøs, og det vart etablert eit nytt selskap – Njøs næringsutvikling AS, som saman med Graminor sin aktivitet i frukt og bringebær vart berebjelken for vidare drift. Bjørke eigedom AS, som er eigar av Bjørke forsøksgård der Graminor har sitt hovudsete, kjøpte eigedomen på Njøs av Staten v/Landbruksdepartementet same året. I tida etter 2007 har Njøsmiljøet lansert mange nye sortar i frukt og bær, der den mest suksessfulle er pæresorten Celina, som er seld til 11 land utanom Noreg. Njøs næringsutvikling AS har hatt Arenaprojekt innan frukt og bær, som det fyrste i landet innan frukt og bær, det har vore arbeidd aktivt innan økologisk produksjon, innan kompost og utvikling av nye frukt- og bærslag, m.m. På tross av små ressursar, har miljøet levert gode resultat og vakse seg mykje sterkare dei siste 10 åra.

Nye sortar i frukt og bær er avgjerande både for konkurransekrafta og bærekrafta til norsk frukt- og bærproduksjon, og dei må vera tilpassa utviklinga både i marknaden og klima. Det norske forbruket av både friske og konserverte produkt av frukt og bær er dominert av import, og sameleis går

utviklinga mot stadig meir import av plantemateriale av sortar som er utvikla ved utanlandske bedrifter. Dette er lite berekraftig for Noreg som nasjon, då det gir sårbarheit i forhold til leveranse av viktige innsatsfaktorar, og ein påfører økosystema høg risiko med innførsle av framande arter. For Vestland, der frukt- og bærproduksjonen er så viktig, er ei slik utvikling svært uheldig. Eitt av dei beste tiltaka ein kan setja i verk er å bidra til utvikling av berekraftige verdikjeder frå nye sortar til norske planter i ei fruktbar jord. Staten har gitt samfunnsoppdraget med utvikling av nye sortar (sortsforedling) til Graminor, og midlane vert ytte over Jordbruksavtalen. Sortsforedling og utprøving av sortsmateriale i frukt og bær har alltid vore ei viktig oppgåve på Njøs, og no er det vilje frå både Staten og Graminor til ei større satsing på Njøs innafor dette fagområdet. Denne satsinga inneber å flytta jordbærforedlingsprogrammet til Njøs og yta ekstra støtte til utvikling av foredlingsprogramma i frukt og bær.

Føresetnaden for satsinga er at regionen og næringa stiller opp og deltek i finansiering av infrastruktur, kompetanse-oppbygging og kjøp av oppdrag. Dei fleste bygningane på Njøs vart sette opp på 1930-talet, og er ueigna for dagens drift. Dersom Njøs skal kunna tilby eit godt alternativ for norsk frukt- og bærforedling, må ein kunna tilby like gode fasilitetar som i dag blir levert til jordbærforedlingsprogrammet på Bjørke forsøksgård. I motsett fall vil utvikling av nye jordbærsortar bli sett attende, og dette vil ikkje bli akseptert av korkje næringa, Graminor sitt styre eller Staten som oppdragsgjevar. Då vil noverande organisering halda fram, med to halve foredlar-stillingar og 2 teknkarstillingar innan frukt og bær på Njøs. Dette er ikkje berekraftig korkje for norsk frukt- og bærforedling eller for fagmiljøet på Njøs. Dersom ein ikkje lukkast med å skaffa tilstrekkeleg finansiering til å utvikla stasjonen no, vil den få store utfordringar både med rekruttering og oppgåver i åra som kjem, og både norsk frukt- og bærproduksjon og regionen vil tapa posisjon.

Konseptet

Norsk frukt- og bærsepter AS skal etablerast som ei vidareføring av Njøs næringsutvikling AS, og skal m.a. utføra frukt- og bærforedling på oppdrag frå Graminor innafor eple, plomme, jordbær og bringebær. Norsk frukt- og bærsepter vil med dette få ei tydeleg nasjonal oppgåve gjennom å bidra til at næringa får konkurransedyktige sortar. I tillegg vil septeret ha oppgåver knytt til dette fagområdet som m.a. å fylgja opp pæresortar som er utvikla, og vidareføra oppgåver som i dag ligg i Njøs næringsutvikling, særleg innafor berekraftige produksjonsformer og innovative produkt, men også innan klyngeutvikling.

Njøs eigeendom AS skal kjøpa eigedommen på Njøs av Bjørke eiendom AS, og saman med regionale aktørar utvikla eigedommen slik at den blir tenleg for Norsk frukt- og bærsepter og andre leigetakarar.

Dersom ein skal lukkast med konseptet, er ein avhengig av å få reist tilstrekkeleg kapital til nye bygningar som kan gje driftsselskapet Norsk frukt- og bærsepter og andre leigetakarar gode vilkår for drift. Leigetakarane arbeider med oppgåver som kjem landbruksnæringa og samfunnet til nytte, og har ikkje mål om avkastning for aksjonærene. Difor må leigekostnader haldast på eit nivå som gjer at det ikkje går ut over drifta i desse selskapa. Med den bakgrunnen ynskjer ein å ha hovudvekt av offentlege eigarar med regional tilknytning i eigeendomsselskapet.

Eigedomen vil med dette få ei sterk regional forankring, medan driftsselskapet Norsk frukt- og bærsepter AS vil få store nasjonale oppgåver i tillegg til ein regional profil.

Investeringsbudsjett

Totalbudsjettet for satsing på Njøs er vist i vedlagde prospekt. Anlegget er tenkt å bli eit fyrtårn både for energioptimalisering og innovasjonar i frukt og bær, som vil bidra til å tiltrekkja seg kompetente medarbeidarar. Berekraft vil stå sentralt både innafor bygg og drifta som føregår ved senteret.

Om eigedomen

Eigedomen på Njøs består av 2 tidlegare bruk, eitt på Njøs (gnr 24 bnr 21) og eitt på Nybø (gnr 16 bnr 12), med eit samla landareal på 339,1 daa. Av dette er 80,5 daa fulldyrka. Til eigedomen høyrer fleire bygningar.

Ein gamal driftsbygning frå 1936 som er ombygd til laboratorier, garderober og lager, med grunnflate 216 kvm. Kjellar er ca 100 kvm, medan 2. etg ikkje har full takhøgde.

Ein kontorbygning som opprinneleg var bygd som internat i 1957 på 206 kvm

Eit veksthus frå 1996 med grunnflate 300 kvm

Eit kjølelagerbygg frå 1937 med grunnflate 144 kmv (kjellar 57 kvm)

Ein gamal låve frå før 1900 på 100 kvm

Ei gamal sjøbu som er utleigd til Leikanger båtlag. Det er også karplanteplass i ei gamal veksthustomt og eit midlertidig plasthus på anlegget.

Jordarealet vert i dag nytta til forsøksfelt i frukt og bær, oppbevaring av genetiske ressursar og noko produksjonsfelt. Bygningane utanom kontoret vert nytta til forsøksverksemd, til Graminor, Njøs næringsutvikling, NLR vest og andre som har behov for å leiga plass til analyser (t.d. NIBIO, HVL, Sognefrukt Lerum). Kontorbygget har kontor, kantine og bibliotek/møterom. Møterommet vert fleire gonger i året nytta i samband med kurs og møte for produsentar som vert haldne av leigetakarar på kontoret eller andre leigetakarar. På Njøs vert også oppbevart dokumentasjon om hjortegjerde og vatningsverk som er tilgjengeleg for andre brukarar i grenda.

Njøs eigedom vil få om lag tilsvarande funksjon som det Bjørke eiendom dekkar idag, men med eit vesentleg forbetra tilbod på forsknings infrastruktur. Denne vil bli utleigd til alle som ynskjer å nytta seg av den.

Både Njøs eigedom og Norsk frukt- og bærsepter vil ha både offentlege og private eigarar.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Njøs næringsutvikling Org.nr:991738150	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Kontakt- person	Stein Harald Hjeltnes	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576
Prosjekt- leder	Stein Harald Hjeltnes	Njøsavegen 5 6863 LEIKANGER	95734576

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Njøs næringsutvikling har fått offentlig støtte frå fleire offentlege instansar, men støtte til eigedomsselskapet, som p.t. ikkje har eige organisasjonsnummer, har ikkje fått offentlig støtte.

Det blir søkt kommunar i Sogn og Fjordane om samla 4 mill kr. i støtte til eigedomsselskapet.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Frukt og bær er eit område i vekst, der alle trendar og planar er samstemte om at forbruket skal auka med bakgrunn i folkehelsa. Norsk frukt- og bærproduksjon gir også tilleggsverdiar i kulturlandskapet og opplevingar knytt til lokalmat og drikke, og har ein viktig distriktspolitisk dimensjon. Sogn og Fjordane og Hordaland er viktige fylke innafor frukt og bær, og næringa betyr svært mykje her.

Forsøkgarden på Njøs har vore ein viktig aktør i utvikling av norsk frukt og bær sidan oppstarten i 1920. Det har vore mange omorganiseringar gjennom snart 100 år, og ein står no framfor ei ny omorganisering. Denne kan gje stasjonen eit stort løft som både vil koma regionen til nytte, og vera viktig for norsk frukt- og bærproduksjon. Det inneber ei stor satsing på frukt og bær basert på norske sortar og plantemateriale, samstundes som det er ei satsing på Vestland sin nasjonale posisjon innan utvikling og innovasjon i frukt og bær.

Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde ei sentral rolle ved den siste store omorganiseringa på Njøs i 2007. Då la Bioforsk ned aktiviteten på Njøs, og det vart etablert eit nytt selskap – Njøs næringsutvikling AS, som saman med Graminor sin aktivitet i frukt og bringebær vart berebnelken for vidare drift. Bjørke eigedom AS, som er eigar av Bjørke forsøkgård der Graminor har sitt hovudsete, kjøpte eigedomen på Njøs av Staten v/Landbruksdepartementet same året. I tida etter 2007 har Njøsmiljøet lansert mange nye sortar i frukt og bær, der den mest suksessfulle er pæresorten Celina, som er seld til 11 land utanom Noreg. Njøs næringsutvikling AS har hatt Arenaprojekt innan frukt og bær, som det fyrste i landet innan frukt og bær, det har vore arbeidd aktivt innan økologisk produksjon, innan kompost og utvikling av nye frukt- og bærslag, m.m. På tross av små ressursar, har miljøet levert gode resultat og vakse seg mykje sterkare dei siste 10 åra.

Nye sortar i frukt og bær er avgjerande både for konkurransekrafta og bærekrafta til norsk frukt- og bærproduksjon, og dei må vera tilpassa utviklinga både i marknaden og klima. Det norske forbruket av både friske og konserverte produkt av frukt og bær er dominert av import, og sameleis går utviklinga mot stadig meir import av plantemateriale av sortar som er utvikla ved utanlandske bedrifter. Dette er lite berekraftig for Noreg som nasjon, då det gir sårbarheit i forhold til leveranse av viktige innsatsfaktorar, og ein påfører økosystema høg risiko med innførsle av framande arter. For Vestland, der frukt- og bærproduksjonen er så viktig, er ei slik utvikling svært uheldig. Eitt av dei beste tiltaka ein kan setja i verk er å bidra til utvikling av berekraftige verdikjeder frå nye sortar til norske planter i ei fruktbar jord. Staten har gitt samfunnsoppdraget med utvikling av nye sortar (sortsforedling) til Graminor, og midlane vert ytte over Jordbruksavtalen. Sortsforedling og utprøving av sortsmateriale i frukt og bær har alltid vore ei viktig oppgåve på Njøs, og no er det vilje frå både Staten og Graminor til ei større satsing på Njøs innafør dette fagområdet. Denne satsinga inneber å flytta jordbærforedlingsprogrammet til Njøs og yta ekstra støtte til utvikling av foredlingsprogramma i frukt og bær.

Føresetnaden for satsinga er at regionen og næringa stiller opp og deltek i finansiering av infrastruktur, kompetanse-oppbygging og kjøp av oppdrag. Dei fleste bygningane på Njøs vart sette opp på 1930-talet, og er ueigna for dagens drift. Dersom Njøs skal kunna tilby eit godt alternativ for norsk frukt- og bærforedling, må ein kunna tilby like gode fasilitetar som i dag blir levert til jordbærforedlingsprogrammet på Bjørke forsøksgård. I motsett fall vil utvikling av nye jordbærsortar bli sett attende, og dette vil ikkje bli akseptert av korkje næringa, Graminor sitt styre eller Staten som oppdragsgjevar. Då vil noverande organisering halda fram, med to halve foredlar-stillingar og 2 teknkarstillingar innan frukt og bær på Njøs. Dette er ikkje berekraftig korkje for norsk frukt- og bærforedling eller for fagmiljøet på Njøs. Dersom ein ikkje lukkast med å skaffa tilstrekkeleg finansiering til å utvikla stasjonen no, vil den få store utfordringar både med rekruttering og oppgåver i åra som kjem, og både norsk frukt- og bærproduksjon og regionen vil tapa posisjon.

Som det framgår av prospektet, skal Njøs eigedom ikkje ha tilsette, men adm. oppgåver skal løysast gjennom avtale med Norsk frukt- og bærseier AS. Det er ein berekna årsomsetnad 1 mill NOK i eigedomsselskapet, og balansen blir om lag 32 mill kr i starten (tilsvarande investeringa). Norsk frukt- og bærseier, som er største leigetakar, vil få ein årleg omsetnad på rundt 14 mill kr. og ein balanse på rundt 5 mill kr. Talet på tilsette vil bli 12-14 personar. I tillegg til 3 tilsette i NLR Vest, som medfører 15-17 personar totalt som vil ha sin daglege arbeidsplass på eigedomen som vert forvalta av Njøs eigedom AS.

Prosjekt mål

Målet med prosjektet er å byggja ut eit moderne FoU- og innovasjonsanlegg i frukt og bær på Njøs. Forskningsinfrastrukturen skal fyrst og fremst nyttast av Norsk frukt- og bærseier, men også av andre leigetakarar hjå Njøs eigedom og andre som kan ha interesse av å leiga seg inn i anlegget.

Forankring

Frukt og bær og landbruk er eit prioritert område i Verdskapsplanen for Sogn og Fjordane, som vart stadfesta av fylkestinget i Sogn og Fjordane i juni 2018.

Eigedomen på Njøs er definert som LNF, og planlagde utbyggingar vil ikkje gje nemndande reduksjon av landbruksarealet på eigedomen.

Helsedirektoratet sin nasjonale handlingsplan 2017-2021 legg opp til 20% auke i forbruket av frukt og bær, og satsinga på Njøs vil vera eit bidrag til å nå denne målsetjinga

St.pr.nr 1 S (2018-19) og i jordbruksoppgjeret 2018 blei inntektsmogelegheitene i frukt og bær styrka.

Staten og Graminor ynskjer å satsa på sortsforedling og framavl slik at det blir mogeleg å konkurrera med importen innan dei aktuelle artene i frukt og bær

Prospektet er presentert for Leikanger formannskap og ordførarane i kommunane Leikanger, Sogndal og Balestrand.

Prosjektorganisering

Njøs eigedom vert organisert som eit Aksjeselskap.

Dei offentlege eigarane må sjølv velja om dei ynskjer å yta tilskot eller om det er ynskjeleg å gå inn med midlane som aksjekapital.

Graminor er registrert under næringskode 72.190 Annen forskning og annet utviklingsarbeid innen naturvitenskap og teknikk

NLR Vest er registrert under næringskode 74.909 Annen faglig, vitenskapelig og teknisk virksomhet ikke nevnt annet sted

Njøs næringsutvikling er registrert under næringskode 70.220 Bedriftsrådgivning og annen administrativ rådgivning. Etter omstruktureringa er det naturleg at Norsk frukt- og børsenter, som er vidareføring av Njøs næringsutvikling, får endra næringskode til 72.190. Det blir rettare i forhold til verksemda.

Samarbeidspartnere

Viktigaste samarbeidspartnarar blir:

Norsk frukt- og børsenter (Aksjonær, leigetakar og adm)

Graminor (Privat aksjonær)

Norsk landbruksrådgiving vest (Leigetakar)

Nye leigetakarar

Aktiviteter

Fylgjande hovudaktivitetar er planlagde

1. Etablere eit fundament for finansiering av satsinga
2. Etablere aksjeselskap med vedtekter
3. Detaljplanlegging av bygg
4. Inngå leigeavtalar

5. Detaljplanlegging av gjennomføring ift. dagleg drift og funksjonar

6. Innhenting og vurdering av anbud

7. Gjennomføra bygging

6. Dokumentasjon og opplæring

Målgrupper

1. Frukt- og bærprodusentar

2. Eliteplantestasjon og planteprodusentar

3. Frukt- og bærmottak og matvareindustri

4. Fruktgrossistar

5. Daglegvarehandel

6. Landbruket sine organisasjonar

7. Turistnæringa

8. Skular

9. Samfunnet elles

Norsk landbruksrådgiving nyttar laboratoriet i samband med haustetidsvurderingar som dei utfører for Sognefrukt. Dette er kjemiske og fysiske analyser av innsamla fruktprøver

NLR og Nibio nyttar også laboratoriet i samband med identifikasjon av insekt og andre skadegjerarar der dei nyttar stereomikroskop og luper, og organiserer produsentsamlingar.

Ny-oppstarta vinprodusentar i området ynskjer å leiga seg inn i anlegget for pressing, fermentering, lagring og tapping av lokal vin

Høgskulen på Vestlandet har tidlegare nytta vekstrom her i samband med studentoppgåver innan botanikk for å sjå på ugrasbank i ulike typar jord

Elles vert anlegget mest nytta i samband med prosjektoppdrag me løyser saman med FoU-bedrifter, der me har infrastruktur og kompetanse som andre manglar.

Me kjem til å gå meir aktivt ut enn me har gjort når me får ein meir tidsmessig og moderne infrastruktur, og tenkjer at t.d. HVL bør kunna ha nytte av den. Sameleis bedrifter i området. Utleige av forskingsfasilitetar vert gjort til sjølvkost frå eigedomsselskapet.

Resultat

Eigedomsselskapet sine resultat vil bli målt gjennom leigetakarane sine aktivitetar.

Under føresetnad av at dei får gode vilkår å driva for, vil det medføra ein årleg omsetning på Njøs på anslagsvis 15 mill kr i 2020. Denne vil, med bakgrunn i investeringane, kunna auka i åra framover.

Aktiviteten på Njøs er fyrste steg i ei verdikjede, der produkta som vert utvikla i hovudsak kjem andre aktørar lengre ute i verdikjeda til nytte.

Bringebærsorten Glen Ample vart teken i bruk i nye dyrkingssystem utvikla på Njøs i 2001. Produsentar i Sogn og Fjordane tok denne i bruk og årleg fyrstehandsverdi av bringebær i korgar til konsum frå fylket er om lag 35 mill kr. Totalt i Noreg er den årlege verdien til konsum mellom 70 og 100 mill kr. Før dennen sorten kom, var bringebær til konsum ein ubetydeleg produksjon.

Norsk pæreproduksjon var i sterk nedgang gjennom heile 1990-talet, og produksjonen hadde blitt nærast borte dersom ikkje sorten Ingeborg som vart lansert frå Njøs, hadde blitt teken i bruk frå årtusenskiftet. Etter dette vart sorten Celina sendt ut i 2010, og den gir årlege inntekter i form av royalties til Graminor gjennom sal av tre og import av frukt. Norsk produksjon var 30 tonn i 2018, og vil med noverande planting auka til 200 tonn i løpet av 3 år. For produsentane utgjer det ein meirverdi på om lag 4 mill årleg. Planen er å auka dette til 1000 tonn i løpet av 15 år. Internasjonalt er det planta om lag 4.500 daa av sorten no, og dette gir eit produksjonspotensiale på over 20 mill kg. Ein del av dette vil bli importert til Noreg når det ikkje finst norsk vare.

Desse to døma viser korleis aktiviteten på Njøs kan bidra til å utvikla heilt nye produksjonar, og korleis dei kan bidra til å revitalisera ein produksjon og gje internasjonale effektar. I andre viktige arter det blir drive sortsforedling, må resultat målast som marknadsandel av norske sortar.

Eple og jordbær har kvar om lag 1/3 av arealet i norsk frukt- og bærproduksjon, medan andre arter saman har 1/3. For Vestland er andre arter, som plomme, moreller og bringebær også svært viktige. Aktiviteten som Norsk landbruksrådgiving Vest driv på produsentrådgiving er svært viktig for å styrkja kompetanse og økonomi i produksjonane, og det at dei har gode fasilitetar til si drift på Njøs er svært viktig for å oppretthalda eit sterkt fagmiljø i det kompetansenavet som Njøs er i Sogn og Fjordane.

Ei vellukka satsing i eigedomene på Njøs vil føra til ei styrking av frukt- og bærproduksjonen både i Sogn og Fjordane, og i Vestland.

Effekter

Realisering av nye bygg på Njøs i regi av Njøs eigedom AS er avgjerande for å halda fram aktiviteten i framtida. Det er såleis eit være eller ikkje være for verdiskapinga som skjer i bedriftene som held til der.

Effekten av bygningane vil gje gode utviklingsmogelegheiter for dei bedriftene som er på Njøs i dag, og vil kunna tiltrekka seg nye. Det gir grunnlag for tilføring av nye, langsiktige oppgåver og høve til rekruttering og vidareutvikling av spesialkompetanse. Indirekte effektar vil bli auka sysselsetjing innan frukt og bær i Vestland og auka verdi nasjonalt av norske sortar og planter.

Dersom bygging ikkje blir realisert vil det ikkje bli tilført langsiktige oppgåver til driftsselskapet Norsk frukt- og bærsenter, som vil bli hovudleigetakar. Graminor si drift vil etter kvart bli avvikla og med det vil grunnlaget for drift i Njøs næringsutvikling bli svært vanskeleg. Effekten for norsk frukt- og bringebærproduksjon vil bli svært negativ.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Detaljert framdriftsplan vert utarbeidd etter at finansiering av prosjektet er på plass

Kostnadsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Bibliotek/arkiv, bøker og historisk materiale	100 000					100 000
Fruktlager m/tilh. laboratorier	2 000 000	4 000 000				6 000 000
Garderobeanlegg m/sluse for risikoavlastning		1 000 000				1 000 000
IKT/ styringssystem og overvaking forsøksanlegg		500 000				500 000
Karantene/mottak/rensin sanlegg		1 100 000				1 100 000
Kjøp av eigedom	3 000 000					3 000 000
Kryssingsveksthus/ oppbevaring genressurs		1 200 000				1 200 000
Laboratoriebygg m/lab og vekstrom	2 000 000	4 900 000				6 900 000
Lager for spesialmaskiner og reiskapar		2 500 000				2 500 000
Møterom/konferanserom m/kantine		4 000 000				4 000 000
Ny fossilfri energiløysing		1 000 000				1 000 000
Nye kontor		1 000 000				1 000 000
Prosesseringsrom for småskalaproduksjon		1 000 000				1 000 000
Vegar, murar, ute-anlegg	1 700 000	1 000 000				2 700 000
Sum kostnad	8 800 000	23 200 000				32 000 000

Spesifikasjon av kostnadselement er sett opp i vedlagde prospekt.

Summen i 2019 avheng av kor raskt ein får på plass finansiering og kapasitet på planlegging. Det er mogleg at nokon av bygga og ferdistilling vil bli i 2021

Me har ikkje fullt oversyn over nødvendig forskningsinfrastruktur som trengs enno. Den største delen går på spesialtipassa bygg i Njøs eigedom AS, så summane er sette opp med bakgrunn i innhenta tilbod og beste skjønn. Det vil også bli trong for spesialinstrument og spesialreiskap som naturleg vil høyra heime i Norsk frukt- og bærsepter AS. Desse vil også bli tilbode andre å bruka, eller å leiga med kvalifisert personale. Forskningsinfrastruktur til Norsk frukt- og bærsepter er i utgangspunktet ikkje del av denne søknaden.

Finansieringsplan

Tittel	2019	2020	2021	2022	2023	SUM
Eigne midlar og lån		5 500 000				5 500 000
Enova		500 000				500 000
Graminor	3 000 000					3 000 000
Kommunar i Sogn og Fjordane	4 000 000					4 000 000
Næringsaktørar og private investorar		4 000 000				4 000 000
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2019	15 000 000					15 000 000

Sum finansiering	22 000 000	10 000 000	32 000 000
-------------------------	-------------------	-------------------	-------------------

Finansieringsplanen gjeld Njøs eigedom. Som vedlagde prospekt viser, er det også ein stor sum knytta til Norsk frukt- og bærsepter AS. Desse to selskapa heng nær saman, då det eine ikkje kan eksistera utan det andre. Samla investeringar i perioden 2019-2024 er berekna til 50 mill kr.

Geografi

1417-Vik, 1418-Balestrand, 1419-Leikanger, 1420-Sogndal, 1421-Aurland, 1422-Lærdal, 1426-Luster, 1445-Gloppen, 1449-Stryn

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
PROSPEKT Norsk frukt- og bærsepter.pdf	1 923 276	22.03.2019